



Rosendal-hamna har hatt 30-40 gjestebåtar i gjennomsnitt pr. natt no i juli. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kor mange gjestebåtar har eigentleg vore innom den nye båthamna i Rosendal sidan opninga i månadsskiftet mai-juni og i kor stor grad har det gått ut over båthamnane i Uskedalen?

Det er spørsmåla mange har stilt seg i samband med meldinga om trafikk-svikt i juli i våre båthamnar i Uskedalen, til dømes med under 300 gjestebåtar i båtlaghamna så langt i denne månaden etter ein svært god sesongstart med over 400 i første halvår.

Styreleiar i Rosendal Øyvind Lernes har ikkje tal fordelt mellom juni og juli men kan opplysa at det så langt har vore 982 gjestebåtar innom den nye hamna. Det er han svært godt fornøgd med også fordi dei ikkje har fått utnytta kapasiteten fullt ut. Lernes har inntrykk av at mange båtar har pendla mellom Uskedalen og Rosendal og er overraska over trafikksvikten i juli i Uskedalen fordi han har høyrte meir positive meldingar frå anna hald. Topptrafikken i Rosendal-hamna har vore no i juli med eit gjennomsnittsbelegg av gjestebåtar på 30-40 kvar natt.

Styreleiaren antar at Rosendal i betydeleg grad flyt på ei generell interesse for den nye hamna og at trafikken etter kvart vil jamna seg ut mellom hamnane i Kvinnherad. Hovudpoeng må etter hans meining vera at Kvinnherad aukar hamnekapasiteten enda meir totalt sett og får ein større del av marknaden som er mellom 25.000 og 28.000 registrerte båtar berre i Hordaland. Mykje vil her avhenge av ei enda meir effektiv marknadsføring.

Av Ola Matti Mathisen